

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 04/2024 | Klokkeslett: 08.45 - 11.30 | Dato: 10.06.2024

Møtestad: Teams

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 11.04.2024

	Navn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Ingrid Dahl Hovland	Statens vegvesen
	Stian Opedal Davies	Vestland fylkeskommune
	Nina Bognøy	Alver kommune
	Yngve Magnus Tvedt Fosse	Askøy kommune
	Tom Georg Indrevik	Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Bjørnafjorden kommune
	Christine Kahrs	Bergen kommune
	Kjell Kvingedal	Statsforvaltaren i Vestland
	Geir Vangen	Jernbanedirektoratet
<i>Andre</i>	Aina Haugstad	Sekretariatet
	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Dina Lefdal	Vestland fylkeskommune
	Ragnhild Dalsbø	Vestland fylkeskommune
	Malin Bismo Lerudsmoen	Jernbanedirektoratet
	Christian Fotland	Alver kommune
	Eystein Venneslan	Askøy kommune
	Johnny Breivik	Øygarden kommune
	Tor Corneliussen	Bergen kommune
	Arild McClellan Steine	Bjørnafjorden kommune
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Erlend Otterå	Sekretariatet
Juan Santacruz	Sekretariatet	
Anders Kjetland	Sekretariatet	

Saksliste byvekstavtalen

- Sak 36/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 37/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 22.03.2024
- Sak 38/24 Økonomirapportering per 1. tertial 2024
- Sak 39/24 Kollektivprioritering på innfartsårer
- Sak 40/24 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – roller og ansvar
- Sak 41/24 Indikator for trafikkarbeid
- Sak 42/24 Kunnskapsgrunnlag for reforhandling
- Sak 43/24 Eventuelt: Byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 44/24 Bypakke Bergen: Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen
- Sak 45/24 Eventuelt bypakke Bergen

Saksliste byvekstvtalen

Sak 36/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.

Sak 37/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 21.02.2024

Vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

Sak 38/24 Økonomirapportering per 1. tertial 2024

Aina Haugstad, sekretariatsleiar, innleia med å seie at økonomirapporteringa er lagt fram til orientering for Styringsgruppa, men den fungerer og som grunnlag for aktiv økonomistyring i Miljøløftet.

Tertialrapporten vart presentert av Juan Santacruz og Synnøve Vilsvik frå sekretariatet.

Prognosen viser eit samla mindreforbruk på 193 millionar kroner, som hovudsakleg er grunna avvik i post 30-prosjekt. For Bypakke Bergen viser prognosen at rekvireringsbehovet for 2024 er om lag 460 mill. kroner lågare enn prognosen for bompengainntekter.

I diskusjonen peika Statens vegvesen på at det er uheldig med eit stort mindreforbruk, og at prognosane for prosjekta må bli betre for å unngå dette.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 39/24 Kollektivprioritering på innfartsårer

Rapport om kollektivprioritering på innfartsårene til Bergen ble presentert av Øyvind Sundfjord frå Asplan Viak.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 40/24 Vidareutvikling av styringsgrupper byvekst – roller og ansvar

Forslag til beskriving av roller og ansvar i Miljøløftet vart gjennomgått i møtet.

I diskusjonsdelen etterlyste Tom-Georg Indrevik, Øygarden kommune, meir tydelege vedtakspunkt frå Prioriteringsrådet. Han ønsker færre vedtak om å «ta til orientering», og vil at konkrete innspel og forventingar i større grad vert ein del av vedtakspunkta.

Ingrid Dahl Hovland, Statens vegvesen, la til at Prioriteringsrådet må ta opp igjen beskriving av roller og ansvar til arbeidsgruppene og samordningsfunksjonen til hausten, sidan desse ikkje var inkludert i denne saka.

Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet stiller seg bak framlegget om roller og ansvar hos partane i Miljøløftet. Prioriteringsrådet kjem tilbake med forslag til rolle- og ansvarsbeskriving av arbeidsgruppene og samordningsfunksjonen til hausten.

Sak 41/24 Indikator for trafikkarbeid

Det har kome nye tal på indikatoren trafikkarbeid, som er basert på Reisevaneundersøkinga. Oskar Kleven, Statens vegvesen, presenterte indikatoren i møtet.

For byvekstomtaleområdet viser trafikkarbeidet ein auke på 3,7 prosent frå 2018/19 til 2022/23. For Bergen kommune var det ein reduksjon på 1,7 prosent.

Tom-Georg Indrevik, Øygarden kommune, stilte spørsmål om tala har ekskludert næringstrafikk frå til dømes mobile tenesteytarar, og viste elles til prøveprosjekt om trafikkteljingar med kunstig intelligens som Øygarden kommune har spelt inn til partane i Miljøløftet tidlegare. Han etterlyste framgang i prosjektet, og ein tydeleg tilbakemelding på om dette er noko Miljøløftet vil gå vidare med.

Oskar Kleven svarte at mobile tenesteytarar i nokon grad er trekt ut av tala frå trafikkarbeidet. Om prosjektet med kunstig intelligens svarte Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune, at saka har vore drøfta i Prioriteringsrådet og at det blir jobba med å finne måtar å finansiere prosjektet på og vurdere korleis det kan gjennomførast innanfor regelverk om offentlege innkjøp. Saka vil bli tatt opp igjen i Prioriteringsrådet.

Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek resultatane frå indikator for trafikkarbeid til orientering.

Sak 42/24 Kunnskapsgrunnlag for reforhandling

Malin Bismo Lerudsmoen, Statens vegvesen, orienterte om mogleg prosess for å utvikle kunnskapsgrunnlag for reforhandling av byvekstomtalen.

Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet tek saka til orientering.

Sak 43/24 Eventuelt: Byvekstomtalen

Straksinnløysingar knytt til stamsykkeveg i Åsane

Rune Haugsdal, fylkesdirektør Vestland fylkeskommune, presenterte saka. Den vedtekne reguleringsplanen til bybane byggetrinn 5 til Åsane inkluderer bygging av sykkelveg langs strekninga. Det er lagt opp til å fjerne tre bustadar frå Eidsvåg til Åsane terminal i forbindelse med bygging av sykkelvegen. Bebuarane har ein lovpålagt rett til straksinnløysing av bustadane, og ein av tre har allereie kravd dette. Dersom alle tre krev straksinnløysing medfører det ein kostnad på om lag 20 millionar kroner for fylkeskommunen. Finansiering av sykkelvegen forutset tilførte statlege midlar over statsbudsjettet og eventuelt ein tilleggsavtale til byvekstomtalen. Haugsdal stilte spørsmål om korleis dei skal finansiere straksinnløysinga.

Tone Oppedal, Statens vegvesen, svarte at det ikkje vil vere mogleg å bruke bompengar, men at omdisponering av post 30-midlar eller bruk av belønningssidlar er alternativ. Statens vegvesen vil undersøke nærmare og komme tilbake til fylkeskommunen med svar.

Sykle til jobben

Sykle til jobben-kampanjen er godt i gang, og Aina Haugstad orienterte kort om status på kampanjen. Det har vore ei nedgang i deltaking siste 2-3 år, og det er behov for ein gjennomgang for å forstå kvifor. Heiderlege unntak er Bjørnafjorden kommune som har hatt litt auke, og spesielt i Øygarden kommune, som har veldig gode deltakingstal i år.

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 44/24 Bypakke Bergen: Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen

Christine Kahrs orienterte om at Bergen kommune vil vente med heving av bompengetakstane til etter at Nasjonal Transportplan (NTP) er vedteke. Det gjenstår fleire prosjekt i Bypakke Bergen som det er planlagt å bruke bompengar på, mellom anna bybane til Åsane, men Kahrs uttrykka bekymring for at desse prosjekta ikkje vil vere med i ny NTP. Dersom bompengetaksten skal aukast, vil ho at det skal vere klart kva pengane skal brukast til. Kommunen ønsker derfor klarheit i kor mykje statlege midlar som blir satt av til prosjekta i NTP først, og kor mykje som skal finansierast av bompengar.

Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen trakk fram at ein auke i bompengetakstane ikkje berre er viktig for å finansiere prosjekt, men og som eit trafikkdempande tiltak som kan bidra til å nå nullvekstmålet.

Partane vart einige om å diskutere saka vidare etter at NTP er vedteke.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Styringsgruppa understrekar at bompengar også er eit viktig verkemiddel for å nå nullvekstmålet og er bekymra for den regulerande effekten bompengane har i dag, ettersom biltrafikken auker. Den aukande elbilandelen fører til lågare inntekter og svekker den finansielle styrken i pakka.

Saka vil bli diskutert vidare etter vedteke NTP.

Sak 45/24 Eventuelt: Bypakke Bergen

Ingen saker meldt.